



## Søknad om løyve til avfallsanlegg etter forureiningslova

### Søknadsskjema for avfallsanlegg

Dette skjemaet kan nyttast ved søknad om løyve til avfallsanlegg i Hordaland, til dømes

- anlegg for sortering, omlasting og lagring av ordinært og farleg avfall
- kompostering av organisk avfall
- mottak og behandling av kasserte køyretøy og fritidsbåtar
- mottak og sortering av EE-avfall
- mottak, lagring og behandling av forureina massar

Drift av deponi og forbrenningsanlegg er regulert i avfallsforskrifta. Skal du søkje om drift av denne type anlegg, sjå eige rettleiingsmateriell på Miljødirektoratet sine heimesider. Ta eventuelt kontakt med Fylkesmannen.

### Krav til innhald i søknad

[Forureiningsforskrifta § 36-2](#) lister opp krav til innhald i søknad om løyve. Ved å fylle ut dette søknadsskjemaet vil dei ulike punkta i § 36-2 vere dekkja.

[Forureiningsforskrifta § 36-3](#) set meir omfattande krav til innhald i søknad frå verksemder som er omfatta av industriutsløppsdirektivet (IED). Kva for avfallsverksemder dette gjeld går fram av punkt 5 i [vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kapittel 36](#). Søkjar må derfor først avklare om aktiviteten det skal søkast om er omfatta av IED. Sjå punkt 1.3. Ein del punkt og vedlegg til søknadsskjemaet gjeld berre for IED-verksemder.

### Sakshandsaming

Søknaden må i dei fleste tilfelle på offentleg høyring, jf. [forureiningsforskrifta kapittel 36](#). Vanleg høyringsfrist er minimum 4 veker. Fylkesmannen legg søknaden ut på offentleg høyring, på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland) og i minst ei avis, og ber om uttale frå kommunen. Søkjar betalar for kunngjeringsa i avisa.

Vanleg tid for sakshandsaming er 6-9 månader frå fullstendig søknad er mottatt.

### Gebyr

Fylkesmannen tek gebyr for arbeidet med løyve i samsvar med [forureiningsforskrifta kapittel 39](#) om gebyr til staten for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova.

### Innsending av søknaden

Søknaden skal sendast til Fylkesmannen på e-post til [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no), eller til Fylkesmannen i Hordaland, postboks 7310, 5020 Bergen.

### Spørsmål

Spørsmål i samband med søknad om nytt eller endra løyve til avfallsanlegg kan rettast til dei som jobbar med avfall hos Fylkesmannen i Hordaland. Sjå:

<https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Miljo-og-klima/Avfall-og-gjenvinning/>

# 1 Generell informasjon

## 1.1 Informasjon om verksemda

Namn på verksemda	Etne Containerservice AS
Namn på anlegget	Etne Containerservice
Adresse til anlegget	Nedre Austrheim 6
Postadresse	Nedre Austrheim 6
Postnr. og -stad	5590 Etne
Telefon verksemd	91724665
E-post verksemd	drift@etne-container.no
Organisasjonsnr.	958 260 563
Fakturaadresse	Nedre Austrheim 6

## 1.2 Kontaktperson

Kontaktperson	Knut Sverre Vaksdal
Telefon kontaktperson	91724665
E-post kontaktperson	drift@etne-container.no

## 1.3 Søknaden gjeld

Nyetablering Anna

X Endring av gjeldande løyve

Kort samandrag av kva søknaden gjeld

- Slutt med mottak av farleg avfall.
- Auke av lagra mengde, då svingning i mottakskapasitet gjer det vanskeleg å oppfylle gjeldande krav til mengde.
- Auke i lagringstid jfr, punktet ovanfor.
- Løyve til å lagra fraksjonar av tre, stål, plast og plastsveipa restavfallsballer ute på fast dekke.

Planlagt dato for oppstart/endring

Snarast mogeleg

Er verksemda omfatta av industriutsløpsdirektivet, jf. [forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg 1](#)? Ja  Nei

Gjeld berre IED-verksemdar: Skriv opp punkt i [forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg 1](#) som gjeld for verksemda

## 2 Lokalisering

### 2.1 Eigedom

Før opp eigedomen/-ane søknaden gjeld i tabellen under:

Gardsnr.	Bruksnr.
43	20

Legg ved kart. Sjå punkt 17.

### 2.2 Avstand til naboar

Avstand (m) til næraste nabo

4 m, 5 m, 113m, 225 m, 230 m sjå vedlagt kart

Industri lagerhall, landbruk driftsbygning, bustadhus, fotballbane, utleigehytter

Type nabo (heilårs-/fritidsbustad, sjukehus, barnehage, leikeplass, industri osv.)

### 2.3 Eksisterande bruk av eigedomen

Omtal eksisterande bruk av eigedomen

Sortering/kverning/balling/omlastning/mellomlager av avfall

### 3 Kommuneplan og reguleringsplan

I kommuneplanen er området sett av til

Industri
----------

Området er i reguleringsplan regulert til

Industri
----------

### 4 Om anlegget og drifta

#### 4.1 Omtale av anlegget, arten og omfanget av verksemda og valt teknologi

Fyll inn «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Fylkesmannen si nettside. Sjå punkt 17.

Eksisterande løyve er avgrensa til maksimalt 10.000 tonn næringsavfall pr. år. Ramma omfattar også årleg mottak og mellomlagring av 200 tonn ee- avfall og 120 tonn farleg avfall.

Maksimal mengd avfall på lager er 300 tonn.

Oversyn over mottek mengde avfall dei siste åra:

2013	3.071 tonn
2014	3.303 tonn
2015	3.763 tonn
2016	4.985 tonn
2017	4.905 tonn

Lite mottak av farleg avfall saman med auka krav har gjort at selskapet har slutta å ta imot farleg avfall. Me ber derfor om at farleg avfall vert teke ut av løyvet då det ikkje lenger har relevans for selskapet si drift.

Selskapet har dei siste åra i hovudsak levert restavfall til avfallsformidlar der avfall har blitt levert til forbrenningsavfall både i Norge og Sverige. Me har erfart at det har vore ein ustabil marknad både som følgje av revisjonsstans ved forbrenningsverka , men og som følgje av redusert varmemeforbruk grunna milde vintrar og ved at det er mindre forbruk i den varme årstida (sesongvariasjon). Dette gjorde at EC tidlegre har måtta stenga mottaket i periodar. Dette fører til problem bakover i verdikjeda ved at kundane får fulle containarar og avfallet hopar seg opp på byggeplasser o.l. Dette aukar fare for avfall på avvegar ute hjå kundane.

For å motverka problem bakover i verdikjeda gjekk EC til anskaffing av Fleksus Rundballepresse, der avfallet vert pressa og pakka i plast. Det er her snakk om pakking og lagring av ferdig kjeldesortert restavfall til forbrenning som vert sveipa inn og vert lukka i plastballar. Det er ikkje lukt av ballane, og dei vil verken gjæra etter ta fyr. ( Så langt kjenner ikkje leverandøren til tilfelle der det har blitt brann frå slike ballar). Tørrstoffprosenten i avfallet er så høg at det det ikkje vert avrenning frå ballane. Ballane vert lagringsstabile. Produksjonslinja er no flytta inn i hall slik at evt. avrenning i pakkeprosessen vert ført til lukka oppsamlingstank inne i sorteringshall.

Fastpressa ballar gjer at ein vil få flerie tonn avfall opplasta på kvar bil. Det gir miljøgevinst ved at mengde lass derved vert redusert. . I førstninga satsar EC på transport med bil , men det vil vera ønskjeleg å vurdera båttransport når me har fått meir erfaring med denne handteringsmåten.

Legg ved detaljkart. Sjå punkt 17.

## 4.2 Driftstid

Kva er planlagt driftstid for verksemda? Fyll inn i tabellen:

Type dag	Set kryss viss drift	Skriv opp klokkeslett
Kvardagar	X	07.00 til 19.00
Kveld kvardagar	X	07:00 til 19:00
Natt		
Laurdag		
Sundag og heilagdag		

## 5 Avfallstypar

Avfallstypar skal gå fram av «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Fylkesmannen si nettside. Sjå punkt 17.

## 6 Energi

Omtal dersom det er relevant for verksemda. *Gjeld i hovudsak større prosessanlegg som er IED-verksemdar.*

## 7 Utsleppskjelder

### 7.1 Avfallshandtering

Dersom det er andre utsleppskjelder frå avfallshandteringa enn det som går fram av aktivitetar i «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Fylkesmannen si nettside, omtal

## 7.2 Transport

Gje nærare omtale av transport av avfall til og frå anlegget (einingar, storleik på einingar, frekvens, tid på døgn/veke, ev. miljøeffektar av transport, m.m.)

Vanlig lastebil/ vogntog transport. For det meste mellom kl 07.00 og kl. 19.00  
Med dagens volum på ca 5.000 tonn både inn og ut, får me følgjande oversikt på transportaktivitet. Føresetnader inntransport, 80 % av vekt på singel bil 6 tonn og 20 % på vogntog 20 tonn.  
Uttransport føregår i stor grad ved returlast på semihenger evt vogntog, snittvekt ca 24 tonn.

Inntransport		Tal lass pr år	Tal lass pr veke
	Singelbil	666	13
	Vogntog	50	1
Uttransport	Semi eller vogntog	210	4,2

Anlegget er lokalisert på industriområde tett ved E 134. Det er kort veg inn til eiga tomt.. Selskapet tek i hovudsak inn avfall frå nærområdet og reduserar dermed transporterte kilometer sammanlikna med om avfallet skulle vore levert til andre anlegg. Transportbelastninga vert vurdert som liten eller positiv ut frå lokalisering.

## 8 Utslepp til luft, vatn og grunn

### 8.1 Utslepp til vatn

Fyll inn tabellen under, sjå forklaring til tabell under:

Kjelde	Utslepp av årleg mengde i kubikkmeter	Utslepp via/til <sup>1</sup>	Planlagt type reinsing	Vassdrag/ sjø det blir søkt utslepp til	Er det gjort analyse av utsleppet? <sup>2</sup>	Utslepp s-grense det blir søkt om <sup>3</sup>
Prosessvatn <sup>4</sup>	10m <sup>3</sup>	Slam/oljeutskillar-Tett tank	Kommunalt renseanlegg		2014	
Avløpsvatn <sup>5</sup>						
Forureina overvatn <sup>6</sup>	4205m <sup>3</sup>		Sandfangskum	Elv	2017. Internkontrollen har systematisk oppfølging av utslepp.	
Reint overvatn						
Spyle- og vaskevatten	2m <sup>3</sup>	Slam/oljeutskillar – Tett tank	Kommunalt renseanlegg		2014	

Oljehaldig avløpsvann						
Kjølevann						
Kloakk større enn 50PE						
Anna, spesifiser						

<sup>1</sup> via eigen leidning, privat fellesleidning, kommunal avløpsleidning, kommunal overvassleidning, infiltrasjon i grunn eller tett tank

<sup>2</sup> Dersom det blir søkt om utleppsgrense for nokre parametarar, legg ved vedlegg med informasjon om maksimal konsentrasjon det er søkt om. Sjå punkt 17

<sup>3</sup> Dersom det er gjort analyse, legg ved vedlegg. Sjå punkt 17

<sup>4</sup> Vatn som oppstår ved behandling av avfall som t.d. overskotsvatn frå kompostering

<sup>5</sup> Utslepp under 50 PE skal søkjast om til kommunen, jf. [forureiningsforskrifta kapittel 12](#)

<sup>6</sup>Alt vatn som har vore i kontakt med avfall, overvatn frå trafikkområde og utandørs lagringsområde skal reknast som forureina avløpsvatn

Omtal kva utslepp til vatn inneheld og særleg om det inneheld helse- og miljøfarlege stoff

Overvatn frå parkeringsplass og lagerområde for trevirke, plast og plastsveipa ballar. Har innskjerpa rutiner frå kunde og avvik som kjem inn vert handtert i høve motaksprosedyre. Det vert teke vassprøver jamnleg samt årleg analyse av prosessvatn.

Omtal effekt av utslepp av vatn på vassdrag/sjø/grunn

Lagringsområde har dremskummar med sandfang som går til open grøft med vegetasjon ca 25 m før det går i røyr til elv. Resipienten har utslipp av kommunalt avløp fra landbruksområde og industriområde.

## 8.2 Lukt

Er det venta at verksemda vil føre til lukt for naboar? Ja  Nei  X

Viss ja. Omtal kjelde til lukt og planlagde tiltak for å redusere lukt

Selskapet har ikkje registrert sjenerande lukt frå avfallet, men dersom slikt avfall kjem inn skal det handterast i forhold til mottaksprosedyre, med proiritert levering.

Omtal venta tal på lukthendingar per månad

Selskapet har ikkje motteke klager som går på lukt, og forventar heller ikkje at lukt vil bli noko problem som følge av auke lagringsmengd.

Sjå [Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven, TA 3019/2013](#) for meir informasjon om lukt.

### 8.3 Støv

Er det venta at verksemda kan føre til støv for naboar? Ja  Nei X

Viss ja. Omtal kjelde til støv og planlagde tiltak for å redusere støv

### Andre utslepp til luft

Vil verksemda ha andre utslepp til luft? Ja  Nei X

Viss ja. Omtal kjelde til utsleppet og planlagde tiltak for å redusere utsleppet

Sortering avfall skjer inne i lukka hall. Ballepresse er flytta inn i mottakshall slik at det ikkje oppstår noko fykeavfall frå denne. Landbruksplast ligg ute, men skjerma av 3 vegger.

Øvrig avfall som er lagra ute som treavfall og metall vil ikkje utgjere noko risiko då eigenvekta er så høg. Vi fokuserer på god sortering for å få reinast mogelege fraksjonar slik at risiko blir minst mogeleg .



## 8.4 Støy

Er det venta at støy frå verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved næraste nabo vil overskride støygrenser i tabell under?

Ja  Nei X Viss ja, legg ved støyutgreiing. Sjå punkt 17.

Det er ikkje gjort støymåling i høve til naboar. Det er heller ikkje motteke klager som gjeld støy frå verksemda. Bedriftshelseteneste Vest har gjort støymålingar inne på anlegget, ved bruk av ulike maskinar og køyretøy. Denne syner låg risiko for støy.

Kvardagar	Laurdagar	Sun- og heilagdagar	Kveld (kl. 19–23), kvardagar	Natt (kl. 23–07), alle døgn	Natt (kl. 23–07), alle døgn
55 Lden	50 Lden	45 Lden	50 Levening	45 Lnight	60 LAFmax

Lden er A-vega ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld. Levening er A-vega ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19–23.

Lnight er A-vega ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.

LAFmax er A-vega maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Støyutgreiinga må gjerast av konsulent med akustisk kompetanse og utrekningsverktøy for denne type utgreiingar. Dersom støygrensene vert overskride, må utgreiinga vise forslag til avbøtande tiltak for å redusere støynivået (skjerming, anna plassering, mindre støyande utstyr, anna driftstid mv.) og rekne ut støynivået etter at desse eventuelle avbøtande tiltaka er gjennomført.

## 9 Miljøtilstanden i området der verksemda ligg

### 9.1 Vatn

Kort omtale av resipienten

Resipienten er Etneelva. Dette er lakseførande elv. Vassgjennomstrøyminga er stor.

Er det gjort resipientundersøking? Ja  Nei X Legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

Er det gjort straumundersøking? Ja  Nei X Legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

### 9.2 Naturmangfald

Omtal naturmangfald som kan bli påverka av aktiviteten det er søkt om

Det skal ikkje gjerast inngrep i naturen som kan påvirke naturmangfoldet. Tomta er på

etablert industriområde.

### 9.3 Forureina grunn

Er det grunn til å tru at det kan vere forureina grunn under eller nær anlegget? Ja  Nei

Viss ja, omtal nærare

Fylkesmannen har nyleg registret tomta i Databasen for mogeleg grunnforureining.

I dag er heile tomta asfaltert.

*IED-verksemder har krav om tilstandsrapport som skal leggest ved søknaden. Sjå punkt 17.*

## 10 Oversikt over interesser som aktiviteten kan få følgjer for

Omtal kjente interesser og aktivitetar i området. Dette punktet blir elles ivaretatt under høyring.

Selskapet driv i ein bransje der mange oppfattar all aktivitet som skjemmande. Grensar til trafikk på E134 og landbruksområde og anna industriaktivitet. Det er laga skjermingsvegg mot E134 som skal hindra innsyn.

## 11 Førebygging og tiltak for å avgrense avfall frå drifta

Omtal kva verksemda gjer for å førebygge og kva tiltak verksemda gjer for å avgrense avfall og auke gjenvinning av avfall frå drifta

- Sikre at kunden leverer bra forhåndssortert avfall. Merke containere. Skriftlig brukarvegledning vert levert kvar kunde.
- God opplæring av operatørar i forhold til mottakskontroll og avik.
- Optimalisering av utstyr og lagringsområde.
- Sikre at ballene er uskada og at alt fykeavfall er lagra inne.
- God rutine for oppsamling av væsker ved uhell.

## **12 Teknikkar som kan førebygge og avgrense forureining**

Omtal kva for teknikkar verksemda brukar for å førebygge og avgrense forureining

Vi har asfaltert heile tomta. Har faste rydde- og kontroll rundar på anlegget. Internkontrollen har varsling av tilsette. Jobber heile vegen med og bli betre. Drillinga av prosedyrar ved uhell.

*IED-verksemdar må dokumentere bruk av de beste tilgjengelege teknikkar, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2. Det er venta at BREF som dokumenterer beste tilgjengelege teknikk er venta å komme i 2018. Legg ved dersom aktuelt. Sjå punkt 17.*

## **13 Program for utslippekskontroll til ytre miljø (måleprogram)**

Legg ved forslag til program. Sjå punkt 17.

Det er etablert rutiner for miljøvennlig håndtering og lagring, kontroll og oppfølging av avrenning. Sjå internkontrollsystemet.

Risikoanalyse Vedlegg .

Vi har etablert avvikssystemet BUS2 for rapportering av hendelser og avvik og benytter også BUS2 som vårt HMS og kvalitets og rutine system.

## 14 Vedtak eller uttaler frå offentlege organ

Opplys om eventuelle vedtak eller uttaler frå offentlege organ som har fått saka til ettersyn

## 15 Konsekvensutgreiing

Er det gjort risikovurdering av hendingar/aktivitetar som kan føre til forureining?

Ja  Nei  Viss ja, legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

Er det gjort konsekvensutgreiing?

Ja  Nei  Viss ja, legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

## 16 Anna

Andre fordelar og ulemper ved tiltaket

- \* Forenkling av drifta, ved stopp av mottak av farlig avfall.
- \* Bedre flyt i lager.
- \* Drive etter fylket sine krav om lagring.
- \* Bedre sorteringsgrad.

## 17 Vedlegg

Nedanfor i tabellen er det lista opp aktuelle vedlegg:

### 17.1 Alle verksemdar

Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
2.1	Oversiktskart som viser lokalisering av anlegget, avstand til næraste nabo, bekk/elv og utsleppspunkt	X
4.1 og 5	Oversikt over avfallstypar og korleis dei skal handterast. Bruk «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Fylkesmannen si nettside	X
4.1	Detaljkart som viser avgrensing av området, kvar på området dei ulike avfallstypene skal handterast og lagrast, type dekke, overvassleidningar, avløpsleidningar og eventuelle reinseanlegg	X

### 17.2 IED-verksemdar

Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
9.3	<i>IED-verksemdar: Tilstandsrapport for forureina grunn</i>	

### 17.3 Moglege andre relevante vedlegg, t.d.

Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
8.1	Eventuelle utsleppsgrenser det blir søkt om og analysar av utslepp til vatn	
8.4	Eventuell støyutgreiing	
9.1	Eventuelle resipientundersøkingar og straumundersøkingar som er utført	
13	Forslag til program for utsleppskontroll (måleprogram)	X
15	Eventuell risikovurdering og konsekvensutgreiing	X
	Anna vedlegg.....	
	Anne vedlegg.....	
	Anna vedlegg.....	